

VALLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 02/20

Dato: 19.06.20 kl. 13.00 – ca. kl. 14.40.

Stad: Rådhuset, formannskapssalen.

<u>Til stades:</u> Gunnar Brottveit, leiar Åse Ingebjørg Flateland, nestleiar Torleif B. Harstad, medlem Marianne Rysstad, medlem Forfall: Marianne Rysstad, medlem	<u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u> Agder Kommunerevisjon IKS v/ Tor Ole Holbek, Tommy Pytten Agder Sekretariat v/ Inger Lise Austrud Administrasjonen v/ Steinar Kyrvestad, Aud Sunniva Fuhr frå kl. 13.15, Siv Ragnhild Bjerga (via Teams) og Else Margit Tveit
----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

SAKSLISTE

- SAK 07/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 04.03.20
SAK 08/20 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2019
SAK 09/20 RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON «PSYKOSOSIALT MILJØ OG
MOBBING I GRUNNSKOLEN I VALLE KOMMUNE» -
TILBAKEMELDING
SAK 10/20 ÅRSREKENESKAPEN 2019 FOR ØYNE INDUSTRIBYGG VALLE KF
SAK 11/20 KOMMUNEREKENSAPEN 2019 VALLE KOMMUNE

ORIENTERINGAR:

Rådmann er invitert til møte kl. 13.15 for å gje tilbakemelding på oppfølging av forvaltningsrevisjon «Psykososialt miljø og mobbing i grunnskolen i Valle kommune».

Rådmann er og invitert inn til presentasjon av kommunerekneskapen 2019 Valle kommune.

FASTE POSTAR

Nytt frå revisor:

Vidare arbeid i kontrollutvalet:

EVENTUELT

REFERATAR:

REF 02/20 INVITASJON FRÅ FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN, FKT

Underskrift

Gunnar Brottveit
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, rådmann, revisor, Gunn Margith Homme, Setesdølen

SAK 07/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 04.03.20

Vedtak:

1. *Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 04.03.20 vert godkjent.*
2. *Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 04.03.20

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 04.03.20 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 04.03.20 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

SAK 08/20 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2019

Vedtak:

1. *Framlegg til årsmelding for 2019 vert vedteken.*
2. *Årsmeldinga sendast kommunestyret til orientering.*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Framlegg til årsmelding for 2019

Bakgrunn for saka:

Det er etablert ein praksis med å utarbeide ei enkel årsmelding frå kontrollutvalet. Eg har utarbeida eit framlegg til årsmelding som vil bli gjennomgått i møte.

Framlegg til vedtak:

1. Framlegg til årsmelding for 2019 vert vedteken.
2. Årsmeldinga sendast kommunestyret til orientering.

SAK 09/20 RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON – PSYKOSOSIALT MILJØ OG MOBBING I GRUNNSKOLEN I VALLE KOMMUNE - TILBAKEMELDING.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek rådmannen si tilbakemelding til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

1. Tilbakemelding frå rådmannen, datert 04.03.2020
2. Rapport frå Agder Kommunerevisjon IKS, august 2019

Generelt:

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal bruke for å sikre at kommunen drives på ein måte som varetek innbyggjarane sitt behov og rettigheter best mogleg. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon undersøker kontrollutvalet om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane forvaltast på ein effektiv måte.

Fokus på å bidra til forbetring er eit viktig aspekt med gjennomføring av forvaltningsrevisjonar.

Saksopplysningar:Bakgrunn:

Kontrollutvalet gjorde i sitt møte 17.09.2019 ei tilråding til kommunestyret i samband med motteke forvaltningsrevisjonsrapport «Psykososialt miljø og mobbing i grunnskolen i Valle kommune»

Tilrådinga lydde slik:

«Kommunestyret takker for en grundig rapport på eit svært viktig område.

Kommunestyret vil at alle elevar skal ha eit godt psykososialt miljø på skulen og at skulen skal ha eit godt system for å sikre dette. Ein er tilfreds med at rapporten syner at det blir jobba godt på området.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp rapportens anbefalingar.

Kommunestyret ber om at rådmannen innen 1. mars 2020 gir ei skriftlig tilbakemelding til kontrollutvalet om korleis anbefalingane i rapporten er fulgt opp.

Kommunestyret gjorde vedtak i sitt møte 23.10.2019 i tråd med tilrådinga frå kontrollutvalet.

Tilrådingane var desse: (Tilbakemeldinga frå rådmannen i kursiv)

- Valle kommune bør søke å utvikle den obligatoriske årlige tilstandsrapporten for grunnskolen slik at den i større grad blir et verktøy for sektorens kvalitetsutvikling.

Det er tilsett ny skulefagleg ansvarleg i Valle kommune etter at rapporten ble skrivi

Det nå er ein grunnskule i kommunen

Kommunen har fått rettleiing av «Oppfølgingsordninga» på desse områda. Rettleiinga vert avslutta desember 2019

Forma på tilstandsrapporten skal, i samarbeid med Levekårsutvalet, arbeidast vidare med. Resultat frå nasjonale prøver og brukarundersøkingar leggjast fram for Levekårsutvalet etterkvart som dei er tilgjengelege. Dette kom fram som ønske frå politisk skuleeigar i møte hausten 2019. Tilstandsrapporten leggjast fram for Kommunestyret i juni. Då vil deler av den kunne vere ei oppsummering av det som allereie er lagt fram i løpet av året

- Valle skole bør gjennomgå og søke å videreutvikle skolens arbeid med å sikre gode læringsmiljø for skolens elever.

Valle skule i løpet av hausten 2019 har starta opp med miljøteam. Nå i starten har det vore møte omtrent kvar veke. På sikt er planen å ha møte fast kvar 3. veke og oftare ved behov. I

miljøteam sit, i tillegg til skulen, ulike instansar som PPT, barnevern, helsesjukepleiar og andre, til dømes politi, dersom det er hensiktsmessig. Kontaktlærar melder opp saker kring elevar som det er nyttig å drøfte anonymt.

Allereie oppstarta tiltak som «Aktiv ute», fadderordning, 9A-møte, Klassesetivsel.no osv. vert vidareført

Det er starta opp ei arbeidsgruppe som skal arbeidde med å utvikle ein plan for trygg og god overgang mellom barnehage og skule. I denne gruppa sit, rektor, styrar, ein pedagogisk leiar frå barnehage, fagansvarleg SFO, ein lærar frå småskulesteget og PPT

- Valle skole bør fremover legge særlig vekt på å videreutvikle foreldresamarbeidet.

Rektor deltok på alle foreldremøta ved oppstart av skuleåret hausten 2019. I alle klassane vert det, i samarbeid med føresette, sett i gang tiltak med tanke på klassemiljø

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek rådmannen si tilbakemelding til orientering.

SAK 10/20 ÅRSREKNESKAPEN FOR 2019, ØYNE INDUSTRIBYGG VALLE KF

Vedtak:

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama rekneskapen for 2019 til Øyne Industribygg Valle KF. Saman med årsrekneskapen låg det føre revisjonsmelding frå Agder Kommunerevisjon IKS.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av rekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter, tilfredsstillar dei formelle krav og rekneskapsbrukaren sitt informasjonsbehov.

Ut over dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen, datert 12. mai 2020, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for 2019 for Øyne Industribygg Valle KF.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Lover, forskrifter:

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992

Forskrift om Årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunale og fylkeskommunale føretak av 17. desember 1999.

Saksdokument vedlagt saken:

Årsrekneskapen for 2019

Revisjonsmelding, datert 12. mai 2020

Saksopplysningar:

Rekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 94.432 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 12.432.

Det føreligg standard revisjonsmelding frå Agder Kommunerevisjon IKS.

Årsrekneskapen inneheld driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Årsrekneskapen er utarbeida etter dei formelle krav som stilles i kommunelova med tilhøyrande rekneskapsføresegner i forskrift om årsrekneskap og årsmelding for kommunale og fylkeskommunale føretak, og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Handsaming av årsrekneskapen

Handsaming av årsrekneskap og årsmelding vil være slik, jf. forskrift om årsrekneskap og årsmelding i kommunale føretak:

- Føretaket sitt styre og dagleg leiar legg fram årsrekneskapen og årsmelding
- Revisor legg fram revisjonsmelding til kommunestyret
- Kontrollutvalet legg fram uttale om årsrekneskapen til kommunestyret
- Formannskapet gjev innstilling til kommunestyret om godkjenning og disponering (Kontrollutvalets uttale skal føreligge når formannskapet handsamar rekneskapen)
- Kommunestyret godkjenner rekneskapen

Framlegg til vedtak:Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama rekneskapen for 2019 til Øyne Industribygg Valle KF. Saman med årsrekneskapen låg det føre revisjonsmelding frå Agder Kommunerevisjon IKS.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av rekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter, tilfredsstillar dei formelle krav og rekneskapsbrukaren sitt informasjonsbehov.

Ut over dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen, datert 12. mai 2020, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for 2019 for Øyne Industribygg Valle KF.

SAK 11/20 KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2019, VALLE KOMMUNE**Vedtak:**Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Valle kommune sin rekneskap for 2019. Driftsrekneskapen syner kr 127 264 297 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 562 388. Saman med årsrekneskapen låg det føre årsmelding frå rådmannen og revisjonsmelding frå Agder Kommunerevisjon IKS.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av rekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter, samt rådmannen si årsmelding, dekkjer dei formelle krava i rekneskapsforskrifta og rekneskapsbrukaren sitt informasjonsbehov.

Kontrollutvalet finn det også i år naudsynt å peike på at rekneskapen og årsmeldinga ikkje var ferdig innan dei fastsette fristane. Dette er krevjande for både revisor og kontrollutval og minskar utvalet sitt høve til å gjere sine pliktige oppgåver på ein fullgod måte. Kontrollutvalet ber om at kommunestyret krev at Valle kommune frå neste år held fristane for ferdig framlagd rekneskap og årsmelding.

Ut over dette og det som kjem fram i revisjonsmeldinga samt nr brev nr 1 frå revisor har kontrollutvalet ingen merknader til Valle kommune sin årsrekneskap for 2019.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Lover, forskrifter:

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992
Forskrift om årsrekneskap og årsmelding av 15. desember 2000, med endringar i 2004

Saksdokument som er lagt med saken:

- Årsrekneskapen for 2019
- Årsmeldinga for 2019
- Brev nr. 1 frå revisor, datert 22.04.2020
- Revisjonsmelding, datert 15.06.2020

Saksopplysningar:

Driftsrekneskapen viser kr 127 264 297 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 1 562 388.

Årsrekneskapen inneheld balanse per. 31. desember 2019, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentleg brukte rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Årsrekneskapen er utarbeida etter dei formelle krav som stilles i kommunelova med tilhøyrande rekneskapsføresegner i forskrift for årsrekneskap og årsmelding og god rekneskapsskikk i Noreg.

Det var sendt nummerert brev frå revisor, datert 22.04.2020, då rekneskapen og årsmeldinga ikkje var ferdig innan dei fastsette fristane. Rekneskapen vart levert 20.05.2020 medan fristen var 15.02.20. Utvalet er kjend med formannskapetets fokus på problemstillinga.

Revisor vil vera til stades i kontrollutvalet sitt møte og kan svare på moglege spørsmål i samband med rekneskapen.

Framlegg til vedtak:

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Valle kommune sin rekneskap for 2019. Driftsrekneskapen syner kr 127 264 297 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 562 388. Saman med årsrekneskapen låg det føre årsmelding frå rådmannen og revisjonsmelding frå Agder Kommunerevisjon IKS.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av rekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter, samt rådmannen si årsmelding, dekkjer dei formelle krava i rekneskapsforskrifta og rekneskapsbrukaren sitt informasjonsbehov.

Kontrollutvalet finn det også i år naudsynt å peike på at rekneskapen og årsmeldinga ikkje var ferdig innan dei fastsette fristane. Dette er krevjande for både revisor og kontrollutval og minskar utvalet sitt høve til å gjere sine pliktige oppgåver på ein fullgod måte.

Ein vil på ny råde til at kommunestyret gjer rådmannen merksam på at gjeldande fristar må verta haldne i framtida.

Ut over dette og det som kjem fram i revisjonsmeldinga samt nr brev nr 1 frå revisor har kontrollutvalet ingen merknader til Valle kommune sin årsrekneskap for 2019.

FASTE POSTAR

Nytt frå revisor:

Jobber med risiko og vesentlighetsanalysen som kjem til hausten.

Skal i gang med forenklet etterlevelseskontroll som har frist 15.9.20.

Vidare arbeid i kontrollutvalet:

Neste møte i kontrollutvalet er 14.10.20.

EVENTUELT

REFERATAR

REF 02/20 INVITASJON FRÅ FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN, FKT

Utvalet tek referatet til orientering.